



Møteprotokoll

Utval:	Kontrollutvalet
Møtestad:	Volda Rådhus, Voldsfjorden
Dato:	23.05.2022
Tid:	kl 10.30 - 12.20

Fremmøtte

Inge Aleksander Bruheim
Inger Gjengedal Håvik
Jørgen Holte
Ragnhild Folkestad
Solfrid Oline Førde
Inghild Liv Remøy

Representerer

MDG

Funksjon

nestleiar
medlem
medlem
medlem
leiar
medlem

Forfall

Pål Ruben Seljeset
Tomasgard

Representerer

SP

Varamedlem

Anne Helen
Sundalsfoll

Representerer

Andre som møtte

Vest kontroll:
Jostein Støylen, dagleg leiar.

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS:

Alf Marius Grønnevik, forvaltningsrevisor. I sak PS17/22

Halldis Moltu, oppdragsansvarleg revisor finansiell revisjon.

Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 11/22	Godkjenning av innkalling og sakliste	22/1771
PS 12/22	Godkjenning av protokoll	22/1771
PS 13/22	Gjennomgang av møteprotokollar	22/1771
PS 14/22	Referatsaker	22/1771
PS 15/22	Vedtaksoppfølging for kontrollutvalet	22/1768
PS 16/22	Saker til eventuell seinare behandling	22/1771
PS 17/22	Forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg - Volda kommune	22/1769
PS 18/22	Reglement for kontrollutvalet og Rettleiar for gjennomføring av kontrollutvalet sine møte	22/1770

Volda, 10.06.2022

Solfrid Oline Førde

PS 11/22 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste.

Behandling:

Det er registrert at ACOS har overstyrt underskrivinga på sakene. Det vil seie at det står kommunedirektøren sitt namn, og ikkje dagleg leiar slik det skal vere. Dette må rettast opp. Enkelte medlemmar opplyser at dei har problem med å kome inn på saksdokumenta. Her må det gjerast ein gjennomgang/opplæring for å sikre at alle får tilgang til dokumenta på ein tilfredsstillande måte.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste.

PS 12/22 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå sist møte med slikt tillegg: Styreleiar Thomas Lundberg og sekretær/kommunalsjef Jarl Martin Møller møtte i kontrollutvalet i møtet 29.04.2022 på vegne av Volda utvikling.

Behandling:

Forslag til vedtak, foreslått av Jørgen Holte,

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå sist møte med slikt tillegg: Styreleiar Thomas Lundberg og sekretær/kommunalsjef Jarl Martin Møller møtte i kontrollutvalet i møtet 29.04.2022 på vegne av Volda utvikling.

Det vart stilt spørsmål kvifor styreleiar Thomas Lundberg og Jarl Martin Møller i Volda Utvikling AS ikkje var oppført i protokollen for møte i kontrollutvalet 29.04.2022. Dagleg leiar i Vest kontroll opplyste at dei ikkje var innkalla til møtet og verken han eller leiaren i kontrollutvalet hadde fått opplyst om desse var i møtet som del av at kommunedirektør og ordførar var i møtet. Både ordførar og kommunedirektør var bedne om å kome i møtet. Før endringsframlegget vart sett til avrøysting frårådde dagleg leiar i Vest kontroll å gjere eit slikt vedtak ut frå at Lundberg og Møller ikkje var innkalla til møtet og ein heller ikkje kjende til at desse møtte som ein del av at kommunedirektør og ordførar var innkalla. Leiar i kontrollutvalet og dagleg leiar i Vest kontroll oppfatta det difor slik at desse møtte som publikum. Publikum som møter i eit ope møte skal ikkje i oppførast i protokollen.

Saka vart så teken opp til avrøysting og Jørgen Holte sitt forslag vart vedteke med 4 (Jørgen Holte, Ragnhild Folkestad, Inge Alexander Bruheim, Inger Gjengedal Håvik) mot 3 røyster (Solfrid Førde, Inghild Remøy, Ann Helen Sundalsfoll).

Kontrollutvalet var samde om at protokollen elles kunne godkjennast. Dermed er vedtaket i samsvar med endringsframlegget frå Jørgen Holte.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå siste møtet.

PS 13/22 Gjennomgang av møteprotokollar

Vedtak:

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

PS 14/22 Referatsaker

Vedtak:

Referatsaker vart samrøystes tekne til vitende.

PS 15/22 Vedtaksoppfølging for kontrollutvalet

Vedtak:

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

PS 16/22 Saker til eventuell seinare behandling

Behandling:

Det kom ikkje fram opplysningar som gav høve til vedtak i saka.

PS 17/22 Forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg - Volda kommune

Vedtak:

Kommunestyret tek til vitende forvaltningsrevisjonsprosjektet – Forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg, utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS, datert 03.03.2022.

1. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine tilrådingar skal følgjast/utførast:
 - Kommunen må vurdere å politisk forankre strategi for vedlikehald, renovering og oppgradering av den kommunale bygningsmassen.

- Kommunen må utarbeide overordna politisk bestemte mål for den kommunale eigedomsforvaltninga og bygningsmassen, samt sikre ei heilskapleg og løypande rapportering til politisk nivå.
- Kommunen må sørge for at heile den kommunale bygningsmassen blir tilstandsvurderte og registrerte mht. areal.
- Kommunen må vurderer å innføre ei systematisk rapportering i høve tilstanden og vedlikehaldsbehovet for den kommunale bygningsmassen til kommunestyret.
 1. Kommunestyret vedtek at kommunedirektøren rapporterer om status for gjennomføringane av tilrådingane, og eventuell vidare framdrift for fullstendig gjennomføring innan 01.11.2022.

Behandling:

Forvaltningsrevisor Alf Marius orienterte og svarte på spørsmål.

Dagleg leiar si tilråding:

Kommunestyret tek til vitende forvaltningsrevisjonsprosjektet – Forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg, utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS, datert 03.03.2022.

1. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine tilrådingar skal følgjast/utførast:
 - Kommunen må vurdere å politisk forankre strategi for vedlikehald, renovering og oppgradering av den kommunale bygningsmassen.
 - Kommunen må utarbeide overordna politisk bestemte mål for den kommunale eigedomsforvaltninga og bygningsmassen, samt sikre ei heilskapleg og løypande rapportering til politisk nivå.
 - Kommunen må sørge for at heile den kommunale bygningsmassen blir tilstandsvurderte og registrerte mht. areal.
 - Kommunen må vurderer å innføre ei systematisk rapportering i høve tilstanden og vedlikehaldsbehovet for den kommunale bygningsmassen til kommunestyret.
 1. Kommunestyret vedtek at kommunedirektøren rapporterer om status for gjennomføringane av tilrådingane, og eventuell vidare framdrift for fullstendig gjennomføring innan 01.11.2022.

PS 18/22 Reglement for kontrollutvalet og Rettleiar for gjennomføring av kontrollutvalet sine møte

Vedtak:

Kontrollutvalet kjem med slik tilråding til kommunestyret:

1. Kommunestyret godkjenner vedlagte framlegg til Reglement for kontrollutvalet slik den ligg føre.
2. Kommunestyret godkjenner Rettleiar for gjennomføring av møta i kontrollutvalet slik den ligg føre.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet kjem med slik tilråding til kommunestyret:

1. Kommunestyret godkjenner vedlagte framlegg til Reglement for kontrollutvalet slik den ligg føre.
2. Kommunestyret godkjenner Rettleiar for gjennomføring av møta i kontrollutvalet slik den ligg føre.